

## Julekonkurranse(6).

27.12.2016



Kva er namnet på denne staden?

**Kor er dette?**

I dag vil vi vita kor bildet vi har utsnitt frå, er teke. Reknar med de klarer å finna svaret på dette og! Det er berre å hiva seg med i konkurransen som vil gå fram til og med nyttårsafta, med ei ny oppgåve kvar dag. Der er det gode sjansar for både 5 Flax-lodd og heiderleg omtale: Send inn svaret ditt og **namn på innsendar** som sms til 932 88 237 eller som epost til [uskedalen.no@gmail.com](mailto:uskedalen.no@gmail.com) innan 28.12. kl.23.59. Lukke til!

**HUGS NAMN!**

I gårdagens oppgåve var det mange som kom fram til det rette svaret: **Kristian O. Bringedal og Reidar Myklebust**. Biletet var henta frå Allsong i sjøkanten i sommar. Hans Gustav Musland var også med på det opphavelge biletet, men sitjande på ein stol rakk han ikkje opp til utsnittet vårt.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland



Kristian Bringedal og Reidar Myklebust var rett svar i går.